



TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Administrasjonen

201000661-15 KN/H7B 611
200709826-104 312
KV/EmB

Norges Vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Ref. 201000661-3

Vår ref. 10/5611-11
S11/LTOR

Dato 03.05.2011

HØRING - SØKNAD OM BYGGING AV SAULAND KRAFTVERK MED NETTANLEGG I HJARTDAL OG NOTODDEN KOMMUNER - SKAGERAK KRAFT - SKAGERAK NETT

Vi syner til dykkar oversending dagsett 23.12.2010 vedkommande ovannemnte sak. Frå dukkar side ble det spesielt spurt om "Vi ber om at høyringspartane vurderar kva av dei to prosjekta som ev. bør realiserast".

Fylkestinget handsama spørsmålet i møte 27.04.2011 sak 19/11.
Det ble gjort følgjande vedtak:

Vedtak i Fylkestinget

Fylkestinget rår NVE til at Skagerak Kraft sitt prosjekt, kalla Sauland kraftverk med tilhøyrande nett, realiseras.

Fylkestinget oppmodar NVE til å sette krav for å sikre friluftslivinteressene i større grad enn det som er foreslått. Universelt tilrettelagde fiskeplassar, etablering av utsettingsrampar for kajakk/kano og pålegg om påkopling av eksisterande stigar til hyttefelt i nærleiken av vassdraga er dome på aktuelle friluftslivtiltak.

Når det gjelder tiltakets verking på kulturminne syner vi til Riksantikvarens fråsegn dagsett 13.04.2011.

I tillegg har vi følgjande kommentarar knytt til automatisk freda kulturminne:

Omsyn til automatisk freda kulturminne

Vi viser til brev dagsett 23.12.10, samt eposter med kartfiler over tiltaket datert 01. og 17.02.11. Vi har opplysningar i våre arkiv om automatisk freda kulturminne innafor tiltaksområdet for Sauland kraftverk med nettanlegg. Vi ynskjer difor å registrere området før vi gir endeleg uttale til planen.

I samband med søknad om konsesjon for Sauland kraftverk søker Skagerak Nett AS om konsesjon for å byggje om 132 kV- kraftledninga Hjartdøla-Grønvollfoss. Fylkeskommunen registrerte traseen for den omsøkte kraftlinja sommeren 2010, jf vedlagt brev til Skagerak nett dagsett 26.11.2010 med vedlagt rapport. Det ble påvist fleire automatisk freda kulturminne innafor krafttraseen. Da det på noverande tidspunkt ikkje er klart kor det skal gjerast inngrep er det uklart om det er konflikt mellom tiltaket 132 kV- kraftledninga Hjartdøla-Grønvollfoss og automatisk freda kulturminne.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	E-post	Internett
Postboks 2844 3702 SKIEN	Fylkesbakken 8-10 3715 SKIEN	35917000 35917322 (dir.)	35917001	post@t-fk.no	www.telemark-fk.no

Registreringar av automatisk freda kulturminne som er gjennomført i samband med utarbeiding av t.d. økonomisk kartverk er ofte mangelfulle. Det er utført ein konsekvensutgreiing (KU) i samband med konsesjonssøknaden. Vi er einige i dei avbøtande tiltaka som blir nemnt i KU. Denne oppfyller ikkje krav om registrering etter kulturminneloven §9, og vi ynskjer difor å registrere området før vi gjev endeleg uttale til tiltak knytt til Sauland kraftverk. Den regionale kulturminneforvaltninga vil påpeike at det i KU ikkje blir teke omsyn til alle vegane som skal etableras i samband med tiltaket. Dette gjeld blant anna for anleggsvegen som går frå utløpet i Heddøla, nord for garden Fosse nedre (79/2). I området der vegen skal gå er det er gjort gjenstandsfunn i ein grav som no er jamna ut (id 68689). Funnstaden er lagt inn som uavklart i Askeladden og det er grunn til å tro at det kan være fleire automatisk freda kulturminne i området. I tillegg ligg det eit mellomalderloft på garden (id 86832). I Fossegrenda, som Fosse nedre er del av, er det gjort fleire funn av automatisk freda kulturminne, funna er hovudsakleg lausfunn knytt til gravkontekstar (id 59330).

Garden Fosse nedre (nistugu) ligg i et kulturlandskap med lang tidskontinuitet med jernalderfunn og mellomalderloft. Vi vil be om at det både i anleggsperioden og plasseringa av tilkomstveg til utløpet blir teke omsyn. Riksantikvaren påpeker i deira fråsegn at fagrapport for landskap peikar på at vegtraseen ved Fosse er uforholdsmessig lang og at dette bidreg til at inngrepet vert større enn det kunne ha vore. Begge forhold som nemnt her burde vere grunn til å sjå nærare på betre løysingar for vegframføring ved Fosse.

Krav om registrering

Registreringa vil bli utført både ved visuell overflaterregistrering/prøvestikk med spade og ved maskinell sjakting.

Visuell overflaterregistrering og prøvestikk med spade etter ikkje-synlege automatisk freda kulturminne (t.d. steinalderlokalitetar) er metodar som medfører minimale inngrep i marka.

I tillegg vil registrering bli gjort ved såkalla maskinell sjakting, det vil seie arkeologisk registrering ved hjelp av gravemaskin på utvalde stader i planområdet. Ved å fjerne matjorda vil ein kunne finne flatmarksgraver, dvs. graver utan synleg markering på overflata. Dessutan kan ein støyte på busetnadsspor som stolpehol, kokegroper, eldstader og andre automatisk freda kulturminne.

Tiltakshavar må sjølv koste og stille med gravemaskin og -fører til ei slik registrering, samt koste attfylling av sjaktene med mindre ein er blitt einige om noko anna, jf kulturminnelova §10. Gravemaskinføraren må fylgje vår arbeidstid. Kostnadsoverslaget vårt er basert på bruk av gravemaskin over 12 tonn. Skuffa må ha flatt skjær, ei breidde på minst 1,20m og bør vere vridbar.

Etter at planen er lagt ut til offentleg ettersyn har det regionale kulturminnevernet tre månader uttalefrist, med høve til forlenging, med heimel i kulturminnelova § 9, 2. ledd. Det er ein fordel at registrering av automatisk freda kulturminne blir gjort allereie på varselstadiet eller i forbindelse med høyring av konsesjonen, og ikkje på detaljnivå, slik at ein kan unngå eventuelle forsinkande konflikstar seinare i prosessen.

Arkeologiske registreringar kan berre gjennomførast når marka er fri for frost og snø. Normalt er den arkeologiske feltsesongen frå midten av april til november.

Vi viser vidare til kulturminnelova § 9 om undersøkingsplikta av offentlege og større private tiltak og til § 10 om at utgifter til særskilt granskning må dekkast av tiltakshavar. Timesatsen er for tida kr 730.

	Dagsverk	Kostnad
Overflateregistrering/ prøvestikking	10	57 000
Maskinell sjakting	4	22 800
Metallsøking		
Etterarbeid	3	17 100
Totalt	17	96 900

Vi krev registreringar i område som blir rørt av tiltaket. Dette gjeld blant anna overflateregistrering/prøvestikking i inntak-, utløp og deponiområde (med unntak av Moen), samt alle anleggsvegar. Områda der det er behov for sjakting er området for 135 kV jordkabel ved Skårnes, med 2 dagsverk maskinell sjakting, og ved utløpet i Heddøla ved gården Fosse Nistugu. Her der de anleggsvei gjennom dyrka mark ned mot uttak og det er behov for 2 dagsverk sjakting og overflate registrering.

Vi tek atterhald om at timeprisen kan endras. Dersom uventa forhold fører til forlenga registrering og såleis auka utgifter for tiltakshavar, vil vi varsle om dette. Tilsvarende vil vi varsle om vi brukar kortare tid enn rekna med.

I tillegg til dette kommer eventuelle utgifter til handsaming og datering av kolprøver, som i dag er 6200 kroner per stykk.

Vi føreset at tiltakshavar/plankontor tek ansvar for fylgjande:

- Grunneigarar, forpaktarar og andre som bur innafor planområdet må få beskjed om at det skal gjennomførast arkeologiske registreringar.
- Sende oss digital planavgrensing i sosi- eller shapeformat før undersøkingane skal gjennomførast.
- Fri tilgang til planområdet, gjennom til dømes å skaffe nøklar til vegbommar og informere om vegar som ikkje er kartfesta.
- Dyr på beite må haldast utanfor registreringsområdet.
- Det kan bli naudsynt å fjerne tre og anna vegetasjon i samband med våre undersøkingar. Dette må tiltakshavar koste.
- Ved maskinell sjakting er tiltakshavar ansvarleg for å skaffe graveløyve innan arbeidet blir satt i gang.
- I tilfelle skade på dren må tiltakshavar koste istandsetjing.
- Ved funn skal søkesjakter leggjast igjen umiddelbart etter undersøkinga.

Aksept på kostnadsoverslag og vilkår sendast til Telemark fylkeskommune, Fylkeshuset, 3706 Skien eller på e-post til arkeologi@t-fk.no. Vi ber om aksept i god tid før undersøkinga er ynskja gjennomført, og at den blir merkt med vårt saksnummer samt namn og adresse på fakturamottakar. Det må reknast ventetid på å få gjennomført arkeologisk feltarbeid.

Registrering med heimel i kulturminnelova § 9 blir ikkje rekna som einskildvedtak etter forvaltningsloven. Dette medfører at budsjettframlegget vårt ikkje kan påklagast, men kommunen/tiltakshavar kan be Riksantikvaren vurdere om kostnadsoverslaget er rimeleg.


Vi gjer merksam på at sikringssona rundt eit automatisk freda kulturminne ikkje vil vere tilstrekkeleg for å ta vare på kulturminnet og konteksten det opptrer i. Om det viser seg at det er konflikt mellom automatisk freda kulturminne og omsøkt tiltak, og fylkeskommunen

vil tilrå at tiltaket blir godkjent, skal spørsmålet om dispensasjon frå den automatiske fredinga avklarast. Saka blir då oversendt Riksantikvaren for vurdering. Om Riksantikvaren tillet at tiltaket blir godkjent, vil det vanlegvis bli stilt vilkår om ein arkeologisk utgraving før tiltaket kan realiserast. Utgifter til utgravinga må berast av tiltakshavar, jf kulturminnelova § 10. For meir informasjon viser vi til våre nettsider (<http://www.telemark.no/kulturminne>) og Riksantikvarens heimesider (<http://www.riksantikvaren.no/Norsk/Veiledning/>).

Eventuelle spørsmål kan rettast til rådgjevar Anja N. Sætre telefon 35 91 72 35.

Ettersom deler av arealplanen fell inn under Norsk Maritimt museum sitt ansvarsområde vil vi oversende saka til museet.

Med helsing



Torbjørn Landmark
rådgjevar, Telemark fylkeskommune

Kopi: Hjordal kommune, 3692 Sauland
Notodden kommune, Postboks 193, 3672 Notodden
Skagerak Kraft AS, Postboks 80, 3901 Porsgrunn